

Høyringsfråsegn (202016892) frå Folgefoni Breførarlag AS til revisjonsdokument
for Maurangervassdraga


Folgefoni Breførarlag AS er ei mellomstor reiselivsbedrift med hovudsete i Jondal, men med aktivitetar over heile Folgefonnahalvøya. Kjerneaktiviteten vår har sidan 1994 vore guida breturar i Juklavassbreen med utgangspunkt frå sommarskisenteret i Jondal, sentralt i denne turen er naturopplevinga, og det å gå i urørt natur. Me omset for 5-6 mill. i året og har 5000-6000 kundar årleg. Ringverknadane i Hardanger av vår drift er berekna til omlag 30 millionar i året. Aktivitetstilbodet vårt og det å kunne oppleva urørt natur er årsakane til at mange vel å komma til Hardanger på ferie.

Som lokal næringsaktør sidan 1994 i området vonar me at revisjon av konsesjonen kan gjere at området som er berørt av kraftutbygginga kan framstå som mindre menneskepåverka etter konsesjonsrevisjonen. Her kjem våre innspel til konsesjonsrevisjon:

- Me har sidan 1994 arrangert vårskituren «Folgefonna på langs». Dei siste åra har me hatt problem å komma oss trygt forbi Midtra Kvitnadalsvatnet (980 moh) i mai månad pga. overvatn. Me veit ikkje om dette skyldast Statkraft sin aktivitet, men dersom den gjer det må dei påleggast å endra aktivitetten. Villmarksfølelsen/naturopplevina ein har i Kvitnodalen er utruleg flott, me vonar dette området blir teken inn i Folgefonna Nasjonalpark.
- Statkraft må bli meir opne, samt komme med meir informasjon til oss som brukarar av området. Dette via nyhetsbrev/web med info om kva vedlikehaldsprosjekt dei jobbar med, status i anlegget (vannstand osv.) Me ser no at vassstanden går opp og ned, me ser helikopter og anleggsaktivitet, men veit lite kva som føregår og kor langvarig slik aktivitet er. For våre kundar børst det på skaden når guiden vår kan formidle kva dei jobbar med etc. når me ser og hører helikoptera rundt oss.
- Me ynskjer generelt høgare minstevassføringar, særleg kring veggen frå Jondal til sommarskienteret (Glacierroad). Det er enkle grep her som kan auke naturopplevingane i området. Over 30 000 bilar køyrrer Glacierroad årleg!
- Statkraft bør bidra til fysisk utviklinga av Fonnavegen (www.glacierroad.com), men også marknadsføring (via Visithardangerfjord AS). Eit bidra kunne mellom anna vore å stifta eit vegfond som forvaltast at Statkraft, Ullensvang kommune, Visithardangerfjord og næringsaktørar.
- Statkraft må bida til berekraftig reiselivsutvikling og mot heilårsreiseliv i området, døme på tiltak for å oppnå dette er elektrisk busstilbod Odda-Jondal-Folgefonna, godt utbygd ladestasjon nettverk for bil og buss osv. Me ynskjer at dei neste generasjonane også skal få kunne oppleve det fantastiske urørte brelandskapet i Folgefonna nasjonalpark.

Beste helsing

Jondal 10.7.2023



Åsmund Bakke
Dagleg leiar